

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Frank A. Stephensen

Eidsnesvegen 66
5913 EIKANGERVÅG

Dykkar ref.	Sakshandsamar: Nina Bakanova
Vår ref. 2013/2737 - 0 - 484/2014	Telefon
Arkivkode: 215/34	Dato: 08.01.2014

Delegert sak

Endring av vilkår i løyve - etablering av dobbel garasje Gbnr 215/34 Eidsnes ytre

Det vert vist til e-post sendt av kommunen 17.12.2013, e-post sendt av tiltakshavar 20.12.2013 og reviderte teikningar motteken 11.12.2013.

Vedtak

Kommunen godkjenner endring av vilkår i løyve av 25.10.2013.

Endringa gjeld 2 forhold i vilkår i løyve.

1. Talet og storleiken på vindauga vert godkjent som det er vist på reviderte teikningar motteken 11.12.2013.
2. Tilkomst til loft vert godkjent som omsøkt og vist på reviderte teikningar motteken 11.12.2013.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av arbeidet.

Plangrunnlag

Eigedommen vert omfatta av kommuneplanen av 22.09.2011 og ligg i område avsett til LNF-føremål og innafør 100.meters beltet langs sjø.

Dispensasjon frå pbl §11-6 og pbl § 1-8 vart gjeve av kommunen 25.10.2013.

Vurdering

I administrasjonen sin vurdering er dei omsøkte endringar relativt små og innafør plangrunnlaget.

Oppsummering og konklusjon

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å kunne gå inn for det omsøkte tiltaket på dei vilkår som er angitt i løyve.

Bortfall av løyve

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen å løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast , jf pbl § 21-9 første ledd.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf . fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar

Nina Bakanova
sekretær